



Månadsbrev januar 2022

Godt nytt år! Desember og ulike julemarkeringar gjekk ikkje heilt som planlagt, men 1.-4. klasse laga ei flott digital julemarkering som du finn på heimesida om du ikkje allereie har sett han. Ingen har testa positivt etter ein vonleg god og fredeleg juleferie. Eg vonar det blir eit like smittefritt år på skulen som før, for me fortset med same smittevernreglar og råd om å halda seg heime ved symptom.

Skuleåret byrjar med at snøen lavar ned, med alle dei aktivitetane det fører med seg. Det kan mellom anna bli mange fine kunstverk/skulpturar når småskulen skal ha kunst & handverk ute første skuledag etter ferien.

Elles blir det morgonsamling ved 5.-6. klasse måndag 10. januar, og ungdomsskulen får besøk av den kulturelle skulesekken 17. januar. Då skal to forteljarar ta for seg



Maria i Bibelen og Koranen. "I denne forestillingen blir vi kjent med fortellingene om Maria, Jesus mor, en av de mest sentrale kvinneskikkelsene både i kristendom og islam. Fra hvert sitt ståsted formidler de to fortellerne historien om den unge jenta som levde for mer enn to tusen år siden, og hvordan hennes mot inspirerer dem i dag. Fortellingene veves sammen med sanger og

musikk fra Midtøsten og Norge. Etter forestillingen åpnes det for samtale med elevene der utøverne sammen med elevene utforsker: Kan fortellingene om Maria bidra til å fremme likestilling, dialog og forståelse over religiøse skillelinjer?"

<https://www.denkulturelleskulesekken.no/agder/utforsk-produksjoner-i-dks/?produksjon=3001>

9. og 10. klasse i Sirdal skal ha MOT-timane kvar for seg denne våren, og den første på Sinnes blir truleg 27. januar. I tillegg skal ungdomsskuleelevane vera med på Ungdataundersøkinga ein gong i veke 4-7. Som de ser, er januar er ein god arbeidsmånad, så her er det berre å interessera seg for skulen og skulearbeidet, for då får elevane med seg endå meir kunnskap.

Hugs òg onsdagsskule for 1.-4. klasse 5. januar!

Sinnes 04.01.22, Åse-Berit (rektor)